

«f1»
«f3»
«f4»
«f5» «f6»

Ny gateadresse - Gamle Kaupangsvegen - mottekne merknader

Kommunen sende for ei tid attende ut orienteringsbrev med opplysningar om at kommunestyret har vedteke å innføre gateadresser på adresseparsell 15090 frå Kjørnes til Vikane med vegnamnet Gamle Kaupangsvegen. Kommunestyret vedtok samstundes at det i området skal nyttast adressesettleggsnamn for dei ulike områda langs vegen; Kjørnes, Vedlegjerdet og Vikane.

På bakgrunn av orienteringsbrev har ein motteke to merknad frå oppsitarane langs vegen.

Bruk av adressesettleggsnamn:

Den eine går på adressesettleggsnamn og korleis dette skal brukast. Vedlagt dette brevet finn ein utdrag frå adresseveiledaren til Kartverket. Denne vil bli lagt til grunn for kommunen si praktisering av bruk av adressesettleggsnamn.

Namnevedtak Gamle Kaupangsvegen:

Vidare har ein motteke ein merknad der det vert hevda at Formannskapet, som har fått delegert mynde som namnemyndigheit i Kommunen gjennom adresseforskrifta, ikkje har gjort vedtak om vegnamnet Gamle Kaupangsvegen. Usemje mellom adressemyndigheita (rådmannen) og namnemyndigheita (formannskapet) om parselldeling på denne adresseparsellen medførte at saka om parselldeling vart send til kommunestyret.

Basert på opplysningar som kom fram i kommunestyresaka gjorde kommunestyret vedtak om at den aktuelle vegstrekninga frå Kjørnes til Vikane (15090) skulle utgjere ein adresseparsell med vegnamnet Gamle Kaupangsvegen og at dei ulike grendene langs vegen skulle ha adressesettleggsnamnet Kjørnes, Vedlegjerdet og Vikane.

Normalt er det slik eit myndigheitorgan som delegere mynde også kan ta myndet attende og gjere vedtak sjølv. Ein har freista klargje om dette også gjeld mynde delegert i forskrift, utan å ha fått noko avklarande svar. På denne bakgrunn og for å rydde til side eventuell tvil om at det formelle ved namnevedtaket er i orden, tek kommunen sikte på ta namnevedtaket på den adresseparsell 15090 opp att i formannskapet (namnemyndigheita) så snart det praktisk let seg løyse etter sommarferieavviklinga 2017. Kommunestyret sitt vedtak om parselldeling og bruk av adressesettleggsnamn står ved lag.

Med helsing

Eirik Røysi
avdelingsingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Utdrag adresseveiledar

Kopi til: